



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Kjell Kvingedal, 5557 2312

Vår dato  
25.04.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/5439  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland og  
Hordaland fylkeskommune

### **Søk om støtte til klimatiltak i din kommune innan 23. juni 2016**

Gjennom støtteordninga *Klimasats* kan kommunar, fylkeskommunar og kommunale føretak søke om tilskot til lokale klimatiltak. Kriteria for søknadar er godt forklart på nettsidene til [Miljokommune.no](http://Miljokommune.no). Støtteordninga legg opp til eit spleiselag mellom stat og kommune. Det er sett av 100 millionar kroner til ordninga i 2016 med ein varighet på minst fem år og nye midlar kvart år.

Støtteordninga *Klimasats* gjeld fem grupper med klimatiltak;

- Klimavennleg areal- og transportplanlegging
- Investering i klimavennlege transporttiltak
- Klimagassreducerande tiltak i andre sektorar
- Forprosjekt for tiltak som reduserar klimagassutslepp
- Interkommunale nettverk for kompetanseheving og erfaringsdeling

Karbonfangst, klimatilpasning, forskingsprosjekt og teknologiutvikling er ikkje mål for denne støtteordninga. Energieffektivisering som ikkje gir direkte reduksjon av klimagassutslepp vil ikkje få støtte.

Tiltak som gir stor utsleppsreduksjon mot lågutsleppssamfunnet 2050 vert prioritert. Det er eit krav at tiltaka er politisk forankra. Også klimatiltak med positive tilleggseffektar på andre miljø- og helseutfordringar, tiltak med stor overføringsverdi og ein realistisk gjennomføringsplan kan få prioritet. Vi ber kommunane informere kommunale føretak om støtteordninga.

Med helsing

Lars Sponheim

Kjell Kvingedal  
miljøvernssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*